




Områderegulering for Hegni

Planomtale



Dato: 01.12.2024

Forord

Dette er planomtalen for områdereguleringsplan for Hegni. Hegni er eit etablert friluftsområde med strandsone mot Hartevann som har badeplass, leikeplass og turstiar. Området har og museum, parkeringsplassar, brannstasjon og eit nedlagt reinseanlegg. I den siste tida har det og vore midlertidig bobilparkering og serveringsstad i området.

I samband med arbeidet med kommuneplanens arealdel blei det vedteke at det skal leggjast til rette for ein brei medverknadsprosess for framtidig arealbruk i området, og at det skulle utarbeidast ein områdereguleringsplan. Som eit forarbeid for planarbeidet blei det utarbeidd eit moglegheitsstudie for Hegni våren 2021. Det blei i samband med dette arbeidet gjennomført brei medverknad. Dette studiet og alle innspela er tatt med vidare i arbeidet med reguleringsplanen.

Føreliggande dokument er ein planomtale for planforslaget. Planen blei ved fyrste gongs hansaming fremma med to alternative forslag til løysingar som har blitt vidare omarbeida til eit sameina løysingsforslag.

Kontaktpersonar i samband med planarbeidet er:

Anne S. Lislevand, anne.lislevand@bykle.kommune.no

Signe Sollien Haugå

Plansjef, Bykle kommune

Bykle, 01.12.2024

1	Bakgrunn for planarbeidet	5
	Hensikta/målsetting med planen	5
	Tilhøve til forskrift om konsekvensutgreiing	6
	Plantype	6
2	Planområdet	7
	Planavgrensing	7
	Dagens situasjon i planområdet	8
	Eigartilhøve	17
3	Rammer og premisser	19
	Overordna føringar og planar	19
	Kommuneplanen	19
	Gjeldande reguleringsplanar	21
	Andre aktuelle kommunale føringar	22
4	Om moglegheitsstudiet	23
5	Planforslaget	26
	Hovudgrep	26
	Arealbruk	27
	Bebyggelse og anlegg	27
6	Sentrale problemstillingar og konsekvensar	30
	Destinasjonsutvikling	30
	Friluftsliv og naturkvalitetar / tilgjenge og universell utforming	31
	Barn og unges interesser	32
	Kulturminne	32
	Næringsetablering	33
	Trafikkavvikling og parkering	33
	Støy	34
	Bobil/Camping	35
	Tekniske tenester	35
	Brannstasjon og det gamle reinseanlegget	36
	Sjø og vassdrag og forholdet til vassressurslova	37
	Forhold til eksisterande og nye aktørar	37
	Visuelle verknader	38

ROS-analyse (risiko- og sårbarhetsanalyse)	38
7 Gjennomføring av plan og økonomiske konsekvensar	38
8 Planprosess og medverking	39
Medvirkning	39
Planprosess	39
Varsel om oppstart	39
Fyrste gongs handsaming og offentlig ettersyn	39
Merknadsbehandling - Merknader til offentlig ettersyn etter 1.gangsbehandling	39
Revidert planforslag på begrensa høyring	Feil! Bokmerke er ikke definert.
9 Vedlegg	46

1. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

I samband med handsaminga av kommuneplanens arealdel i 2019 vart det peikt på at Hegni-området treng ei vidare utvikling med omsyn til aktivitetar og attraksjon. Området er særskild verdifullt, og mange har meiningar om kva som bør skje vidare i området.

Det blei difor satt i gong eit arbeid med moglegheitsstudie for Hegni vinteren 2021. Trollvegg Arkitektstudio og Prosjekthuset fekk oppdraget med utarbeiding av moglegheitsstudie, som og inkluderte medverkingsarbeid. Eit moglegheitsstudie blei levert til kommunen juni 2022 og kan lesast her: [Rapport - Moglegheitsstudie Hegni - Bykle kommune](#)

Som ein oppfølging av kommuneplanen og planstrategien for Bykle er det utarbeida eit forslag til områdereguleringsplan for Hegni etter plan – og bygningslova, for å avklare arealbruken i området for framtida. Denne planomtale beskriv planen og dens konsekvensar.

1.1. Hensikta/målsetting med planen

Planen skal føre til tiltak innanfor planområdet som støtter opp om kommunens overordna målsettingar i kommuneplanens samfunnsdel og arealdel. Dei overordna måla for prosjektet er å lage ein plan som legg til rette for:

Destinasjonsutvikling
- Funksjon som portal til Hovden - Heilårsaktivitetar - Berekraftige løysingar - Ein møteplass for alle med hovudvekt på aktivitet og rekreasjon - Rammer for arrangement i området
Friluft-, natur- og kulturinteresse
- Ta vare på friluft-, natur- og kulturkvalitetar - Legg til rette for alle - Ivareta barn- og unges interesse
Nærings- og anna verksemd
- Avklart arealbruk når det gjeld formål og omfang av næringsverksemd. Tydeleg avgrensing mellom næring og andre formål - Avklare rammar for brannvesenet - Avklare rammer og behov for museet
Teknisk infrastruktur
- Avklare arealbehov for teknisk infrastruktur - Synleggjere mogleg bruk av det nedlagte reinseanlegget - Vurdere alternativ plassering av brannstasjon
Samferdsel
- Avklare tal på avkøyringar - Rammar og reglar for parkering – type og omfang - Rammar og reglar for bobilparkering - omfang

For å oppnå målsettingane med planen, skal det i planprosessen jobbast med følgande konkrete tiltak:

- ✓ Brei medverknad med referansegruppe/andre aktørar og opne møter/kontordagar
- ✓ Klargjere konkrete offentlege behov i området – reinseanlegg, pumpestasjon, brannstasjon, museet m.m.

1.2. Tilhøve til forskrift om konsekvensutgreiing

Lovverket stiller krav om konsekvensutredning (KU) ved utarbeiding av reguleringsplanar av ein viss størrelse, kostnad eller formål. Hensikta er å sikre at omsynet til miljø og samfunn blir vurdert i planprosessen. Denne planen utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing etter forskrifta, og det er dermed heller ikkje krav om planprogram.

Dette er ein plan det vil vere stor interesse for blant befolkninga, og kommunen har difor valt å utarbeida eit program for planarbeidet, sjølv om det ikkje er eit formelt krav. Dette for at alle interesserte skal vere så godt informert som mogleg om opplegget for det arbeidet som skal gjennomførast. Det gjennomførast ikkje formell konsekvensutgreiing etter forskrift om konsekvensutgreiingar, men konsekvensar av planforslag skal uansett alltid utgreiast og omtalast i planforslag. Planprogrammet blei fastsett 15.desember 2022.

1.3. Plantype

Det er fastsett at reguleringsplanen blir ein områderegulering i tråd med kommunens planstrategi. Plantypen opnar for at det er mogleg å fastsette krav om detaljregulering innanfor enkelte felt, avhengig av kva som blir vurdert som mest hensiktsmessig.

2. PLANOMRÅDET

Hegni er i dag eit svært viktig tur- og opphaldsområde for befolkning og besøkande. Det ligg ved utløpet av Otra i Hartevatn, ca. 1 km sør for Hovden sentrum. Området er på mange måtar inngangsporten til sjølve Hovden når ein kjem frå sør. Det er ligg på vestsida av riksvegen, og har ein tilkomst frå denne. Området kan elles nås til fots via turvegar får sentrum og Otrosåsen, eller via båt frå Hartevatn.




Figur 1. Kartet visar planområdets plassering i forhold til andre målpunkt på Hovden.

2.1. Planavgrensing

Det er satt av eit areal med krav om felles planlegging i kommuneplanen, og dette nyttast som planavgrensing for reguleringsplan for Hegni. Arealet på området er på ca. 150 000 m².

I tillegg til eigedommane som skal utviklast trekkast plangrensa over vegen i aust, elva i vest og vatnet i sør. Mot aust trekkjast plangrensa over Rv. 9 og tar med areal på sida vegen. Dette er avsett til næringsformål i kommuneplanen. Sør i planområdet er deler av vatnet rekna med. Vestlege del av planområdet grensar i elva og nordre del grensar mot eksisterande Bestestøylen hyttfelt.

Følgjande eigedommar med gbnr./bnr. ligger heilt eller delvis i planområdet: 2/403, 2/2, 2/1570, 600/9 og 2/638.



Figur 2 - Kartet viser planavgrensinga og eigedommar i planområdet.

2.2. Dagens situasjon i planområdet


Hegni er eit område som har eit grønt preg i dag, og det er tilrettelagt med turvegar, utetrening og badeplass. Det er i dag etablert fleire parkeringsplassar på ulike nivå på Hegni, og totalt er det plass til omlag 30-40 bilar. Delar av areala er i den seinare tid nytta til midlertidig bubilparkering. I tilknytning til den nedste parkeringsplassen er det etablert ei rampe for utsetting av småbåtar, samt ein relativt enkel småbåthamn. Rett sør frå området er det bygd ein molo med ein installasjon heilt i enden. Dette blei utpekt som Bykles tusenårsstad i samband med overgangen til 2000-talet.

Nordaust i området, langs vegen ligg brannstasjonen, og kommunens nedlagte reinseanlegg. Reinseanlegget blir i dag brukt som lager. Hovudpumpestasjon for heile Hovden ligg i området, og det er naudsynt med utviding av denne på sikt. Det blei sommaren 2022 lagt ein pumpeleidning i området. Nede ved vatnet ligg det eit servicebygg. Delar av arealet ved vatnet er dei siste åra leigd ut til «The

Village», som ha servert mat og held arrangement i ein geodom. Dei dreiv og bubilparkeringa om sommaren. Bedrifta er no nedlagt.

Omtrent midt i området ligg eit museumsbygg. Det er fleire turstiar på kryss og tvers i området, og like nordaust for badeplassen er det etablert ein utetreningspark med treningsapparat. Ein gangveg går nordover gjennom området og heilt opp til sentrum. Planområdet består av relativt tett blandingskog i vest. Planområdet er lite kupert og ligg på kotehøgde 761 moh. +/- 5 m.

Området legg til rette for at barn og unge, og andre, kan leke, vere aktive og vere med venner. I dag er det etablert volleyballbane, badestrand og plen til aktivitetar. Området er ikkje tilrettelagd for aktivitet om vinteren. Det er ein tilkomst frå riksveg 9 til alle funksjonar i området.



Området er i dag lite bygd ut og prega av mye vegetasjon og vatn. Planområdet er omringa av vatn på sørlege og vestlege del av planområdet, like ved elvas utlaup i vatnet. Nærleik til vatn er ein stor kvalitet og ein sentral verdi for området. Strandsona i sør er tilrettelagt for bading og aktivitetar i vatn. Topografien i området er relativt flat. Vegetasjonen er i hovudsak bjørkeskog og areal meir tilrettelagt med plen o.l.

Det er fleire kulturminne og kulturaktivitetar i området i dag:

1. Kulturminnestien går frå 1000 års plassen til gamle høgfjellshotellet. Stien er oppgradert med nye skilt i 2023. Ny og oppdatert informasjon om viking og villrein, gjer at kulturstien har fått namnet “Vikingvegen”.


2. Milleniumsskulptur "Mot det uendelege" laga av Paul Brand. Skulpturen ber på ein jernklump med øksemerke funne i Hartevatn. Kulturhistorisk museum eig blesterjernet (jernklumpen) i Hegni og har lånt den ut til kommunen for utstilling.
3. Jernvinnemuseet, med digital informasjon. I dag er museet sjølvbetent og stengt, men ein kan låse seg inn med tildelt kode.
4. Ein blesteromn er også allereie etablert i området bak jernvinnemuseet for kunnskapsdeling av blestring.

På 1990-talet laga Bykle kommune og Kulturhistorisk museum i Oslo ein plan for formidling av Hovden som ein viktig produksjonsstad for jern i perioden 800 til 1300 e. Kr. Dette resulterte i at jernvinnemuseet vart bygd på Hegni. Det var ein heilskapleg tanke om at museet skulle visa produksjonsmåten, men at sjølve kulturminna måtta ein ut i terrenget for å sjå. Det vart derfor bygd ein kulturminnesti frå museet, rundt Hegni, og opp til Hovden høgfjellshotell ved Flatastøylåsen. Langs stien står det framleis informasjonsplakatar om ulike kulturminne på Hovden. Stien verkar i dag som ein grusa gangveg med gatelys – og han fungerer som ein strandpromenade langs Otra.


Det er gjennomført en arkeologisk registrering der det er funne 15 automatisk freda kulturminne innanfor tiltaksområdet (98913-1, 98922-1, 98951, 99051-1, 99066, 99209-1, 99262-1, 99421-1, 226672-1, 227185-1, 299160-0, 299161-0, 299162-0, 299163-0, 299164-0). Innanfor tiltaksområdet er det og registrerte 4 kulturminne som er frigitt gjennom kulturminnelova § 8 og som er blitt fjerna ved tidlegare tiltak (ID 99058-1, 99243-1, 99351-1, 99362-1).

Ein kartlegging av naturmangfald for området har avdekket at det innanfor planområdet er registrert verdier knytt til vatnmiljø (svært stor verdi), naturtype open flaumskogsmark (middels verdi), økologisk funksjonsområde for artar (noko verdi) og landskapsøkologiske samanhengar (noko verdi). Sjå verdikart nedanfor.


Det er gjort ein vurdering av flaumfare i området (Cowi 2023). Flaumberekninga er for å finne den dimensjonerande flaumvannføringa. Det er og utarbeidd ein hydraulisk modell for berekning av flaumvannstand og vannhastighet. Analysen visar ein muleg vannstandstigning i Otra på 2,8 m over normalvannstand. Analyseområdet blir påverka av flaumen i ein moderat grad, og vatnet vil kunne renne over reguleringsområdet på tvers med ein dybde på 15 cm. Resultata er vist i form av et flaumkart som visar utbreiinga av flaumen og berekna høgde på vatnet.



Figur 4. Kartet viser registrerte kulturminne. Henta frå rapport om kulturminnekartlegging.



Figur 5. Verdikart for naturmangfold på Hegni. Henta frå rapporten frå Faun (2023).



Figur 6. Flaumsone. henta frå rapport frå Cowi (2023).



Figur 7 – Frå Rv. 9. Moloen «The Village»/geodomen, småbåtplass og p-plass. Google Maps)..




Figur 8 – Frå Rv9. p-plass med midlertidig bubilparkering, nedlagt reinseanlegg til høyre. (Google Maps).



Figur 9 – Brannstasjonen nærmast, og det nedlagte reinseanlegget til venstre. (Google Maps).




Figur 10 – «The Village», midlertidig serveringsstad, servicebygg og parkeringsplass med rampe for utsetting av båtar. (Google Maps).




Figur 11 - Turveg markert med raudt og gang- og sykkelveg markert med blått.

2.3. Eigartilhøve


Gbnr.: 2/403 er eigd av Bykle kommune. Det er stort sett heile planområdet. Vist i figur 11. Samt er gbnr. 2/1570 (vist i figur 12) og 2/638 (vist i figur 13) eigd av Bykle kommune.



Figur 12 - Gbnr.: 2/403




Figur 13 - Gbnr.: 2/1570



Figur 14 - Gbnr.: 2/638

Eit lite areal øvst i planområdet er eigd av privat. Det gjeld gbnr.: 2/2 vist i figur 14 markert med raudt. Gbnr.: 600/9 er ikkje tinglyst og er eigd av fylket. Det dreier seg om Rv. 9 som går gjennom planområdet.



Figur 15 - Gbnr.: 2/2 eigd av private

3. RAMMER OG PREMISSE

3.1. Overordna føringar og planar

Rikspolitiske planretningslinjer og føringar som er særleg relevante for planarbeidet:

- ✓ Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2019)
- ✓ Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014)
- ✓ Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning (2018)
- ✓ Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegging (1995)
- ✓ Om barn og planlegging, rundskriv T-2/08
- ✓ T-1442 Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging (2021)

Aktuelle lover:

- ✓ Plan- og bygningslova
- ✓ Naturmangfaldslova (§§ 8-12)
- ✓ Folkehelselova (§ 4)
- ✓ Kulturminnelova
- ✓ Veglova

Regionale planer og føringar

- ✓ Regionplan Agder 2030, «Attraktiv, samskapende og bærekraftig». Planen har fem hovudsatsingsområde:
- ✓ Attraktive og livskraftige byer, tettsteder og distrikter
- ✓ Verdiskaping og bærekraft
- ✓ Utdanning og kompetanse
- ✓ Transport og kommunikasjon
- ✓ Kultur

3.2. Kommuneplanen

Kommuneplanen for Bykle har to delar; Samfunnsdel – 2016-2026, vedtatt 27.09.2017 og Arealplan – 2018-203, vedtatt 28.02.2019. Sti- og løypeplanen er ein del av arealdelen.

Eit hovudmål for Bykle er: *Bykle kommune skal ha eit langsiktig perspektiv på utvikling og forvaltning av kommunen sine ressursar.*

Det er og peikt på fem satsingsområde:

- ✓ Klima
- ✓ Det gode liv
- ✓ Utdanning
- ✓ Kommunikasjon

- ✓ Kultur

Samfunnsdelen og arealdelen har sett opp ein rekke delmål og arealstrategiar. Nedanfor er dei viktigaste for denne planen plukka ut:


Delmål:

- ✓ Forvalte naturverdiar og kulturlandskap i eit langsiktig perspektiv.
- ✓ Legge til rette for nye arbeidsplassar, særleg i privat sektor.
- ✓ Vere opne for mangfald og satse på likestilling.
- ✓ Vidareutvikle tur-veg nettet.
- ✓ Vidareutvikle betre samlingsplassar for ungdom.
- ✓ Stø oppunder familiane med tanke på ein god oppvekst for alle.
- ✓ Utvikle møteplassar der fleire generasjonar kan samlast.
- ✓ Arbeide målretta for å utjamne sosiale helseskilnader.
- ✓ Legge til rette for livslang læring.
- ✓ Open og ærleg kommunikasjon innad og utad i kommunen.
- ✓ Stimulere til politisk engasjement og ein levande samfunnsdebatt.

Arealstrategiar:

- ✓ Universell utforming.
- ✓ Uformelle møteplassar.
- ✓ Ta vare på og utvikle det gode kulturtilbodet.
- ✓ Arbeide for å vidareutvikle anlegg for idrett, kultur og friluftsliv.
- ✓ Spele på historia vår og det som er særmerkt for Bykle.
- ✓ Satse på kulturtilbod som engasjerer kropp og sjel.

I kommuneplanens arealdel er store delar av området avsett til grønstruktur. Det er i tillegg avsett areal til tenesteyting, fritids- og turistformål, næringsverksemd og forretning. Planområdet er omfatta av ei gjennomføringssone med krav om felles planlegging. Delar av området er og omfatta av flaumsone, samt at det er lagt inn turveg gjennom området.



Figur 16. Utsnitt frå kommuneplanen.

3.3. Gjeldande reguleringsplanar

Gjeldande reguleringsplan for området er Hovden del 2, vedtatt 10.09.1997. Store delar av området er regulert til offentlig friområde. Det er og avsett areal til kommunalteknisk verksemd og køyreveg.



Figur 17. Gjeldande reguleringsstatus i området.

3.4. Andre aktuelle kommunale føringar

- ✓ Vedtatt Vegnormal
- ✓ Strategisk næringsplan er under arbeid og vil truleg bli handsama like etter sommarferien 2022.
- ✓ Vedtatt Kulturminneplan

4. OM MOGLEGHEITSSTUDIET

Planutvalet vedtok i møte 07.12.2020 følgende:

Det vert sett i gang ein medverknadsprosess for å vidareutvikle Hegni-området med utgangspunkt i dei momenta som kjem fram i saksframlegget. Bykle kommune bidrar med prosjektleiing og det vert søkt om stadutviklingsmidlar frå Agder fylkeskommune.

Kommunen fekk løyva midlar til eit moglegheitsstudie, og Trollvegg Arkitektstudio i samarbeid med Prosjekthuset fekk oppdraget med å laga denne. Moglegheitsstudiet blei levert til kommunen før sommaren 2021, og er presentert for politikarane, samt i opent folkemøte i samband med oppstarten av det formelle planarbeidet.

Leverandørane skriv i sitt forord at dei i arbeidet har hatt fokus på å prioritere aktivitetar og tiltak som ikkje konkurrera med eksisterande tilbod på Hovden, og som på best mogleg måte kan supplere det Hovden kan tilby i dag. Hegni kan bidra til å styrke Hovden som heilårsdestinasjon, og vidare styrker driftsgrunnlaget til fleire aktørar. Dei har og lagt vekt på funksjonar som kan generere sjølvinntekt, og som kan styrke turistdestinasjonen særleg på sommarstid.

Der blei gjennomført ein relativt omfattande medverknadsprosess med arbeidsmøte med ungdomsrådet, fleire møter i ein arbeidsgruppe med fleire aktørar frå sivilsamfunnet på Hovden samt open dag på Hegni der folk kunne komme og drøfte saka med konsulentane og kommunen. Ordskeya nedanfor visar eit bilde av kva folk er opptatt av for Hegni.


Oppsummering av innspill



Mulighetsstudie – Hegni

Figur 18. Ordsky frå mogelghetsstudien for Hegni.

Moglegheitsstudien visar eit forslag til utvikling av Hegni over fleire trinn, og det kjem med anbefalingar for kva som bør bli prioritert for kvar trinn. Dei kjem og med forslag til inntektsbringande aktivitetar som kan bli etablert, og anten bli drifta av kommunen eller private aktørar. Dei trekk og fram to problemstillingar som kommune bør fokusere på i neste fase; Kombinasjonen av alkoholservering og rekreasjonsområde, og privatisering av området og vasskanten.



Mulighetsstudie - Hegni

Figur 19. Utsnitt av illustrasjonsskissa for Hegni i Moglegheitsstudien.

36

Mange av tankane frå moglegheitsstudien er tatt med i det vidare arbeidet, og den har vært et godt grunnlag for drøftingane. Det er blant anna jobba vidare med sonar og forholdet til vatnet. Planforslaget er tydleg på ålmentas tilgang til vatnet og at ein ikkje ynskjer privatisering. Det er foreslått eit mindre område kor det skal vera moglegheit for bubilcamping. Ordinær camping med kommersiell drift opnar planforslaget ikkje for.

5. PLANFORSLAGET

5.1. Hovudgrep

Hegni sin verdi som rekreasjonsområde er høg. Det har vært relativt eintydig frå både fastbuande og besøkande. Planforslaget legg difor vekt på å ta vare på denne verdien i området. Området er delt i soner der ein held det meste av dagens bjørkeskogområde i dei vestlegaste område som rekreasjonsområde, men der ein kan etablere aktivitetar eller installasjonar som ikkje er i konflikt med friluftsbuiken. Det blir arbeida med eit prosjekt kalla «Vikingvegen» som startar heilt ute på moloen ved tusenårsstedet og går opp til Nos. Denne blir regulert som turveg i dagens trasé. Rundt dagens museum blir det avsett eit areal for utvikling av eit tun som kan nyttast til aktivitetar som bygger opp om kulturarv og liknande. Parkering blir trekt så langt opp til riksvegen som mogleg. Ein tilkomstveg til brannstasjonen blir lagt mellom riksvegen og parkeringsplassen. Eksisterande tilkomst inn til området frå rv. 9 blir vidareført.



Figur 20 Soneskisse som viser hovudgrep for planen

5.2. Arealbruk

Planområdet størrelse er 148 daa. Tabellar over arealbruken for dei ulike formål er vist nedanfor.

Arealformål	
§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg	Areal (daa)
1160 - Offentleg eller privat tenesteyting	5,1
1173 - Campingplass	2,7
1490 - Andre idrettsanlegg	7,0
1824 - Næring/tenesteyting	3,4
1900 - Angitt bygge- og anleggsformål kombinert med andre angitte hovudformål	3,9
Sum areal denne kategori:	22,2
§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	Areal (daa)
2011 - Køyreveg (2)	4,4
2012 - Fortau	0,1
2015 - Gang-/sykkelveg (2)	0,8
2018 - Annan veggrunn – teknisk anlegg (10)	4,7
2082 - Parkeringsplassar	0,8
Sum areal denne kategori:	10,8
§12-5. Nr. 3 – Grøntstruktur	Areal (daa)
3031 - Turveg (6)	4,0
3040 - Friområde (13)	43,9
3060 - Vegetasjonsskjerm (2)	9,9
Sum areal denne kategori:	57,8
§12-5. Nr. 6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone	Areal (daa)
6230 - Småbåthamn	5,3
6710 - Friluftsområde i sjø og vassdrag (6)	51,9
Sum areal denne kategori:	57,2
Totalt alle kategorier: 148,0	

Bebyggelse og anlegg

Offentlig eller privat tenesteyting – museumsverksemd

Alle byggetiltak innanfor formålet skal bygge opp om museumsverksemda, og eller formidling av lokal kulturhistorie. Det tillatast oppført fleire mindre bygg som smie, langhus, museum, stølsbygg ol.

Bygga skal danne eit tun og skal nyttast til kulturarrangement, kulturaktivitetar og museumsverksemd. Det skal takast omsyn til registrerte fornminne innanfor området, disse er omfatta av omsynssonar i plankartet.

Næring/Tjenesteteyting – kommersiell aktivitet

Området for næring og tenesteyting er lagt over eksisterande bygningar kor det er verksemd i dag, samt utvida mot aust kor det i dag er parkeringsareal, slipp for småbåtar og ein volleyballbane. Dagens bygningsmasse kor det har vert drive blant anna ei kiosk, kan ombrukas, transformerast eller rivast og gjenoppbyggast. Det er viktig at kommersiell verksemd som ekskluderer allmenta ved at det berre er ope for betalande gjester eller at det serverast alkohol, og såleis er ekskluderande for barn og unge, avgrensast tydeleg og på ein slik måte at allmenta ikkje føler seg fordervt frå området. Aktiviteten innanfor formålet må ikkje vere til hinder for ferdsel mellom viktige målpunkt i området. Planforslaget legg opp til at det her kan utviklast eit kommersielt tilbod. Området er svært synleg frå vegen og dersom det skal byggjast nytt her må ein være bevisst på at dette vil være inngangsportalen til Hovden – noko som bør gjenspeglast i arkitektur og visuell kvalitet. Eksisterande volleyballbane forutsettes flytta. Området nærast vegen er noko støyutsett og soleis er det ikkje ein stad som er særleg eina for tilrettelegging for utandørs rekreasjonsaktiviteter/leikeareal.

Bygge- og anleggsformål – brannstasjon og reinseanlegg

Området med brannstasjon, kommunaltekniske funksjonar og nedlagt reinseanlegg/lagerbygg blir avsett til kombinert formål næring/kommunal verksemd (felt o_BAA). Planforslaget tar høgde for at brannstasjonen ligg der han ligg i dag. Vidare er det ikkje noko ynskje om å rive det tidlegare reinseanlegget, då dette er i bruk som lager for kommunen. Hovudpumpestasjon for heile Hovden ligg i området, og det er naudsynt med utviding av denne på sikt.

Om brannstasjonen blir flytta og /eller lagerbygget ikkje er naudsynt lenger kan området bli utvikla vidare, det stilles plankrav dersom området skal omdisponerast. Utviding av pumpestasjon utløyser ikkje plankrav.

Campingplass – bubilparkering

Det kan leggjast til rette for ca.15 bubilplassar innanfor området, men det er ikkje ynskje om å opne for ordinær camping.

Det kan leggjast opp vatn og straum og nødvendig infrastruktur for bubilparkeringa.

Grøntstruktur

Friområde

Friområda er delt opp i ulike felt for å kunne styre kva tiltak som er lov innanfor avgrensa areal. De største og vestlegaste områda skal bestå hovudsakleg som naturområde. Det tillatast enkle tiltak som gjer områda meir attraktive og tilgjengelege for bruk, slik som opparbeiding av enkle stiar og plassar for opphald og aktivitet.

Frrområda som ligger i tilknyting til stranda og i nærheit til areal avsett til næring/tenesteyting kan opparbeidast med lekeelement, volleyballbane, brygger, stupebrett, badstue eller andre tiltak som tilretteleggjar for bruk og aktivitet.

Det er avsatt eit areal kor det kan etablerast ei tilgjengeleg fiskeplass. Elles opnar planen ikkje for tiltak i kantsona til vassdraget.

Turveg

Det går føre seg eit arbeid med å opparbeide ein turveg (Vikingvegen) gjennom området. Denne skal opparbeidast slik at ho blir universell tilgjengeleg. Det same gjeld for alle turvegar i området som opparbeidast med lys etc. Regulert turveg sørover langs riksvegen er lagt inn i plankartet.

Vegetasjonsskjerm

Mot riksveg 9 skal det etablerast ein vegetasjonsskjerm for å skjerme området mot trafikken på vegen. Ved planting skal det nyttast stedegen vegetasjon. Området kan også bare holdes fritt for tiltak slik at det skjer ei naturleg revegetering. Det er går ein regulert turvei gjennom området langs riksvegen.

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Køyreveg

Veger skal opparbeidast etter kommunen sin vegnorm.

Hovudavkjøring til planområdet frå riksvegen skjer via KV2.

KV2 skal etablerast som utrykkingsveg frå brannstasjonen.

Gang- /sykkelveg

Eksisterande gang- sykkelveg langsriksvegen nord for avkjøring til området vidareførast. Sør for avkjøringa er gang- sykkelveg erstatta med regulert turveg.

Annan veggrunn – teknisk anlegg

Det kan leggjast nødvendig teknisk infrastruktur i sideareala til vegen. Areala kan med fordel dekkast med jord slik at det kan skje ein naturleg revegetering eller areala kan plantast til.

Parkeringsplassar

Innanfor o_PP skal det etablerast parkering for besøkande til Hegni. Ny parkeringsplass skal etablerast før det leggjast til rette for ny aktivitet eller etablerast nye næringsbygningar. Ei fungerande p-plass er viktig for tilgjengelegheita til området.

Bruk og vern av sjø og vassdrag

Småbåthamn

Småbåthamna (felt o_SH) blir vidareført, men det er ønskeleg med ein oppstramming med uteliggjarar osv. som vil gje rom for fleire, og som ryddar litt i området. Ein moglegheit for å køyre ned for å sette

ut småbåtar blir oppretthalde. Elles vil biltrafikk inn i området ned mot vatnet minimerast mest mogleg, og varelevering, drift og ev. transport av personar med nedsett funksjonsevne blir prioritert. Det regulerast ikkje for båtopplag.

Friluftsområde i sjø og vassdrag

Tiltak som fremmer bruken av vatnet som rekreasjonsareal kan tillatast innanfor område o_FLV 2 – til dømes badebøyer, badebrygge, stuperett eller flytande badstu. Badstuer skal være open for allmenta, og det må ved søknad om løyve til tiltak framleggast eit driftskonsept som viser korleis badstua kan gjerast tilgjengeleg for flest mogleg og korleis han er tenkt finansiert. Alle tiltak må vurderast opp mot vassressurslova og det må

Omsynssoner / faresoner

Det er lagt inn omsynssoner for ras, skred og flaum. Det skal ikkje leggjast til rette for opphald eller byggast utsatte konstruksjonar innanfor faresona.


Omsynssona for skred omfattar i hovudsak eksisterande riksveg i sør. Planen opnar for utviding av småbåthavna innanfor deler av omsynssona.

Det er lagt inn omsynssoner som sikrar registrerte kulturminne innafor området. Kulturminna kan nyttast i formidling av lokalhistoria og museumsverksemd.

6. SENTRALE PROBLEMSTILLINGAR OG KONSEKVENSA

6.1. Destinasjonsutvikling

Hovden er med i merkeordninga «Berekraftig reiseliv», og som Destinasjon Hovden skriv i sinn innspel: «Å jobbe for et bærekraftig reiseliv innebærer at man tar vare på behovene til mennesker som lever i dag uten å ødelegge fremtidige generasjoners muligheter for å dekke sine behov. Temaer som natur, miljø- og klimapåvirkning, samspill mellom reiseliv og lokalsamfunn – og næringens lokale, økonomiske verdiskaping er sentralt i forståelsen av et bærekraftig reiseliv.»



Figur 21. Illustrering av korleis dei tre bærekraftdimensjonane heng i hop.

Det er framheva i prosessen at Hegni har eit potensiale til å bidra til auka attraksjonskraft, om ein får ei god utvikling av aktivitetar og drift i området. Historia har vist at det er svært krevjande å drive sjølvstendig verksemd i området som ikkje har andre bein å stå på. Det bør leggjast til rette for sambruk og fleksibilitet slik at drift i området kan bli tilpassa marknaden og aktuelle aktørar, og at det og er rom for offentleg verksemd.

Planforslaget opnar for denne typen funksjonar og vil bidra til å styrke destinasjonen med å tydeleggjere Hegni sin funksjon som eit rekreasjonsområde for alle, legge til rette for kulturformidling med eit tun, opne for ein rekke aktivitetar både ute og innandørs og styrke moglegheiter for næringsutvikling.

6.2. Friluftsliv og naturkvalitetar / tilgjenge og universell utforming

Dei eksisterande kvalitetar for friluftsliv blir i stor grad som dei er i dag, men det blir lagt til rette for ytterlegare oppgradering og utvikling av aktivitetar som badstue, betre garderobefasilitetar osv. Dei siste åra har den midlertidige serveringsstaden nytta kioskbygget som kjøkken og toalett. Dei har og nytta delar av bryggjeanlegget til uteservering. I planforslaget er det difor forslått føresegn som sikrar god flyt og tilgjengelegheit gjennom området, og bygg og konstruksjonar som vanskeleggjer ferdsel mellom målpunkt tillatast ikkje.

Det skal bli lagt vekt på mest mogleg universell utforming av turveg, badeplass og brygger. Ein rundløype skal prioriterast for heilt universell utforming. Det er avsett eit eige område for etablering av ei fiskeplass med krav om universell tilgjenge. Det har vore eit ynskje om å opne for etablering av ein klatrepark. Dette vil i tilfelle være ein aktivitet som må drivast kommersielt, og soleis leggje beslag på noe av friområde. Samtidig vil det kunne være et flott tilbod for aktive barn, unge og gamle - fastbuande og tilreisande.

6.3. Barn og unges interesser

Området nyttast av barn og unge i dag, og har fungert som ein samlingsplass om sommaren. Planforslaget legg til rette for nye bygg som kan innehalde serveringssaktivitet, men det er viktig at denne aktiviteten ikkje skal virke privatiserande, eller påverke området negativt. Det må vere verksemdar som passar her, og som er noko anna enn dei ein finn i alpinanlegget eller i sentrum. Hegni som område er samstundes så stort at vi meiner det er rom for å leggje til rette for både barn og unge og servering med 18-års aldersgrense utan at det eine ekskluderer det andre. Det er lagt inn føresegn som krevjar at område for servering er tydeleg avgrensa og at det ikkje hindrar naturleg ferdsel mellom målpunkt.

Området er godt lagt til rette for leikeplass og andre aktivitetar for barn og unge, dette blir vidareført, samt at det blir lagt til rette for å utvikle vidare.

6.4. Kulturminne

Bykle har ein rik kulturhistorie og formidling av denne er eit viktig tema. På Hegni har ein moglegheit for å legge til rette for ein stad der denne formidlinga kan utviklast vidare. Aktørar som «Viking og villrein», ein foreining eigd av Hovden næringsforening, legg stor vekt på at den lokale historia og kulturen i Hovden-området er djupt knytt til villreinen, og at lokalsamfunnet har ansvar for å ta vare på reinen og heiane der den lever. Dei fokuserer på å utvikle aktivitetar og verdiskaping i randsona av villreinområda og har spilt inn interesse for å etablere eit langhus. Hegni med 1000 års plassen har eit ansvar som berar av Bykle si viktige kulturhistorie. Ein bør ivareta aktivitetar og bygg i heilheit med det som allereie er bygd opp her og som støttar opp under kulturhistoria.

«Vikingvegen» er nå etablert, og kan bli utvikla vidare. Milleniumsskulpturen kan gjerast meir synleg i eit større lysbad. Jernvinnemuseet har heilt klart eit potensiale for å auke tilgjengelegheit og tal på besøkande. Etablering av eit tun med fleire funksjonar, aktivitetar og arrangement kan og styrke museet. Utvikling av dette området må bli eit samarbeid mellom aktuelle aktørar. På bakgrunn av dette er det avsett eit areal for forvaltning og formidling av kultur.

Det er gjennomført ein arkeologisk kartlegging av automatisk freda kulturminne. Det er registrert 15 av dei i området. Rapporten ligg vedlagt planen. Det er i utgangspunktet ikkje planlagt tiltak som vil

komme i konflikt med forminne. Automatisk freda kulturminne etter kulturminnelova er sikra gjennom kart og føresegn.

6.5. Næringsetablering

Planforslaget opnar for ein transformasjon av arealet med det eksisterande kioskbygget enten ved renovering, eller ved å rive og byggja nytt som er betre tilpassa nye funksjonar. Det er satt plankrav for at området kan transformerast eller omdisponerast. Kva slags aktivitet det skal regulerast for vil kunne tilpassast behov, etterspørsel og interesse frå næringsaktørar. Det er eit ønske at det skal kunne drivast noko med lønnsemd, som samstundes opplevast som eit positivt tilskot til området. Det kan vere attraktivt for ein allereie etablert aktør og ha eit ekstra bein å stå på med å drive servering i området i ein eller annan form, ev. i kombinasjon med at andre, både private aktørar og kommunen, kan nytte heile eller deler av bygget til ulike formål.

Planforslaget legg altså til rette for nye bygg som sikrar rom for ulike aktivitetar, både av offentleg og kommersiell karakter. Dei kan løyse funksjonar under arrangement som St. Hans-feiring, yogakurs, kursverksemd, filosofikafé osv. Ein ser også for seg at eit slikt bygg skal kunne betene turistinformasjon på sommaren og på den måten sikre utlån av sommaraktivitetar.

6.6. Trafikkavvikling og parkering

Området ligg tett på Riksveg 9. Det er etablert ein tilkomst som har god utforming når det gjeld sikt. Denne blir difor vidareført slik den ligg. Det er etablert gang- og sykkelveg frå Hovden sentrum og turveg vidare sørover.

Brannstasjonen ligg i området. For å sikre best mogleg og konfliktfri tilkomst ved utrykking o.l. blir vegen separert frå parkeringsplassen opp til brannstasjonen. Parkeringsplass blir etablert mellom denne og riksvegen, og vil ha plass til mellom 30 og 40 plassar. I ein normalsituasjon er det meir enn nok parkeringskapasitet i området, men når det er arrangement kan det ofte bli knapt med plassar. Spørsmålet blir då om det er naudsynt å bygge ut kapasitet for unntaka, eller om ein i slike situasjonar og kan syne til parkeringsplassar i sentrum som supplement, ca. 1 km nord for Hegni, med godt tilbod for mjuke trafikantar på strekinga. I planforslaget er all parkering samla lengst mogleg opp mot vegen, og skissa viser at plassen har kapasitet som er vurdert å vere tilstrekkeleg kapasitet for området. Det kan og sjåast på moglegheit til å nytte arealet avsett til bubilparkering til ordinær parkering ved spesielle høve.

Delar av dagens parkering ligg veldig tett på tilkomstvegen til brannstasjonen som nyttast til utrykking. Det kan føre til farlege situasjonar. Det er vurdert om det er mogleg å legg inn ein ny tilkomst til riksvegen, men det er høgdeforskjellar i området som gjer dette vanskeleg. Det er heller ikkje ønskeleg med mange nye tilkomstar til riksvegen. I planforslaget er difor eksisterande tilkomst

vidareført med dagens utforming og tilkomstvegen vidare inn til brannstasjonen er stramma opp og lagt vest for ny parkering. Dette vil vere med på å rydde opp i parkerings- og tilkomstsituasjonen i området.


Vurdering av utbygging for parkeringsplass øst for Rv9

I kommuneplanen er det avsett næringsareal på austsida av riksvegen. Dette er eit krevjande terreng og blit liggande tett på bustadfeltet ovanfor. Sørlege del av arealet er rasutsett. Det er vurdert om delar av området kan nyttast til parkering. Men dette er ikkje anbefalt på grunn av at det vurderast som terrengkrevjande og trafikkfarleg.

I prosessen er det og vurdert om det kunne vere mogleg å legge til rette for parkering på areala på austsida av riksvegen. Det er ein etablert lomme der i dag med informasjonsskilt. Ein sti opp til Hartevasnuten startar her, og det kjem ut ein bekk i området. Det er mogleg å sprengje ut areal til å etablere parkering, men dette vil krevje relativt store terrenginngrep, samt at ein vil røre ved fornminne. Kryssinga over riksvegen vil og kunne utgjere ein trafikkfare. Det er difor ikkje lagt inn i planforslaget.

6.7. Støy

I eksisterande situasjon er det trafikkstøy frå rv 9 som utgjør støyfare. Veggen har ein ÅDT på 1243 ÅDT total og 18 % lange køyretøy (tungtransport). Delar om området ligg i gul støysone som er generert ut i frå trafikktalet.



Figur 22. Støysone henta ut frå SVVs støysonekart for riksveger.

I planforslaget vil dette påverke næringsområdet som blir avsett der brannstasjonen ligg i dag samt framtidig næringsareal ved småbåthamna. Ein framtidig utvikling av branntomta vil bli avklart gjennom detaljregulering der også støysituasjonen og ev. trong for skjerming vil bli vurdert.

Dersom det skal etablerast støyfølsom verksemd innafor areal avsett til næring/tenesteyting må støyproblematikken avklarast før det gis byggetillating.

6.8. Bobil/Camping

Planforslaget legg til rette for ca. 15 bubilplassar etter ynskje frå næringsaktørar og politikarar, med moglegheit for etablering av straumuttak og vatn. Det skal ikkje etablerast ordinær campingplass på området.

Moglegheitsstudiet rår ikkje til etablering av tradisjonell camping på Hegni. En tradisjonell campingplass vil beslaglegge mye av friarealet og det er ofte utfordringar knytt til privatisering av store område.

Det er i utgangspunktet ikkje forbode å campe i friområde, og her vil friluftsløvas reglar gjelde (§ 9). Kommunen kan fastsette reglar for åtfærd etter friluftsløva § 15. Det har f.eks. Kristiansand kommune gjort for ein rekkje friområde innanfor sin kommune, der dei har forbode camping med telt i ein del område. Om det er høg bruk av areala, og mange som camper, vil det krevje etablering av sanitetsanlegg osv. Dette er det mogleg å etablere i nærleiken av badeplassen. Kommunen må vurdere korleis eit slikt anlegg skal bli drifta, og om det er greitt med telting og hengekøyeovernatting o.l. i området, eller om det skal bli innført åtfærdreglar.

Det har i mange år vært campingplass ved Fjellstoga heilt nord ved bommen på riksvegen. Denne er i ferd med å byggjast ned til fordel for fritidsbustader og utleigeeiningar. Det er i kommuneplanens arealdel avsett eit areal for camping mellom Dyregrenda og Fjellparken. Det er per dags dato ingen indikasjonar på at det er planar om å etablere camping i dette området. Dei siste par åra har det vært etablert midlertidig bubilparkering på eksisterande parkeringsplass på Hegni. Dette har vært drifta av drivarane av serveringsstaden. Denne parkeringa er foreslått regulert for bubilparkering og utvida noko.

6.9. Tekniske tenester

Vann og avløpsanlegga i området blir omtalt her, men der er og straumkablar i området og trafostasjon i det gamle reinseanlegget som Å Energi har ansvaret for. Hovudpumpestasjonen for heile Hovden er bygget inntil austre kortvegg på det gamle reinseanlegget. Dette er siste stasjon før avlaupet for heile Hovden blir pumpa gjennom sjøleidning til Harteavatn reinseanlegg i sørenden av vatnet. I tillegg til eit synleg overbygg er det og ein stor pumpeump under bakken, og å flytte denne vil vere utfordrande. Det kan bli behov for å utvide dette. Planforslaget held på plasseringa av

pumpestasjonen og avsett i tillegg areal til utviding. Det er og pumpestasjonar i enden av toalettbygget på Hegni, og inne på brannstasjonen som pumper avløp opp til hovud-pumpestasjonen. Det kjem i tillegg fleire avlaupsleidningar frå ulike kantar inn til denne. Den gamle utslippsleidninga frå det gamle (nedlagte) reinseanlegget blir i dag nytta som overlaupsleidning for hovudpumpestasjonen. Denne ligg i vollen/vegen ut til moloen. Langs vestsida av RV9, går hovudleidningane frå Hovden og ned til Harte vatn reinseanlegg og vidare ned til Midtregionen.

Ved ein utbygging bør ikkje hovudpumpestasjonen bli flytta. Den *kan* blir flytta nedstrøms mot sør, men ikkje oppstrøms på grunn av sjølvfallsleidningar som kjem inn på stasjonen. Ein ev. flytting av stasjonen vil være kostbar og vil krevje god planlegging som sikrar langsiktig funksjon. Bygging av ein ny hovudpumpestasjon vil kosta ca. 8-10 millionar kroner. Planforslaget legg difor ikkje opp til flytting av hovudpumpestasjonen.

Hovudleidningane som går langs vestsida av RV9 er store og kritiske når det gjeld avbrudd i drift. Flytting av dei er difor ikkje mogleg.

6.10. Brannstasjon og det gamle reinseanlegget

Lokalisering av brannstasjonen har vært eit stort tema på Hovden. Det var i utgangspunktet planar om å flytte den lenger nord, og samlokalisere med andre redningsaktørar, som Røde Kors, på eit nytt Fjellredningssenter ved den sørlege dagparkeringa ved botn av Harte vatnssvegen. På grunn av kostnadene er eksisterande brannstasjon rusta opp, og det er ikkje konkrete flytteplanar no. Stasjonen blir difor truleg liggande her ved Hegni ei god stund framover. Om det skulle bli aktuelt å flytte ligg tomte på Fjellredningssenteret ferdig regulert. Det er ikkje aktuelt med andre lokaliseringar.



Figur 23. Regulert situasjon med plass til nytt fjellredningssenter ved krysset Skisentervegen/Rv9 (planID201707 - Detaljreguleringsplan for rundkøyring og fjellredningssenter Hovden nord).

Det gamle reinseanlegget blir no nytta til lager. Bygget kan nyttast til ulike formål slik det ligg, men om brannstasjonen blir flytta vil det opne for ein heilt annan bruk av heile området.

6.11. Sjø og vassdrag og forholdet til vassressurslova

Byggeforbodet langs sjø og vassdrag er oppheva for tiltak som heimlast i planen. Planforslaget er vurdert å likevel ikkje utfordre omsynet til vassressurslova som har til formål å sikre en samfunnsmessig forsvarleg bruk og forvaltning av vassdrag og grunnvann. Planforslaget balanserer omsynet til allmenta og forsvarleg bruk på den eine sida og bevaring av naturmangfaldet på den andre.

Det opnast for følgjande aktivitet/tiltak nærare enn 50 meter frå vatn:

- Tiltak som fremjar allment friluftsliv som bading og fiske
- Klatrepark (delvis innanfor 50-meterssona)
- Bubilparkering (delvis asfaltert flate i dag)
- Museumsverksemd og kulturformidling
- Næring/tenesteyting (området er bebygd i dag, men det opnast for transformasjon)
- Småbåthamn (planforslaget opnar for ein utviding av dagens bruk)

Langs bredda av Hartevatn innanfor område o_FRI 1 skal det oppretthaldast et naturlig vegetasjonsbelte som motverker avrenning og gir levestad for planter og dyr i tråd med §11 i vassressurslova. Det kan tillates enkle plankestier på påler dersom disse ikkje utfordrer omsynet til natur- og/eller kulturinteresser.

Det er i dag etablert bryggeanlegg og eit enkelt småbåtanlegg i området planlagt til næring og tenesteyting. Bryggeanlegget kan bli utvikla vidare om det er ønskeleg, men tilgangen til ålmenta er eit grunnprinsipp som skal ligge til grunn. Småbåthavna kan med fordel bli rusta opp og ev. blir etablert på både sider av bukta. Ei opprusting vil rydde i området og kan gi plass til fleire båtplassar, ev. i kombinasjon med ulike aktivitetar i vatn. Sjøareala er kartlagt med stor verdi i dag med dagens bruk, det er antatt at den vidare bruken ikkje vil utfordre omsynet til naturmangfaldet i vann noko vidare.

Planen opnar for at det kan etablerast ein fiskeplass som er universelt tilgjengeleg. Område for denne er lagt inn i plankartet som FRI2.

FRI 3 er tenkt meir tilrettelagt for rekreasjon og friluftsliv for allmenta. Her opnast det for tiltak som kan fremja bruken.

6.12. Forhold til eksisterande og nye aktørar

Det er i dag nokre få aktørar som disponerer areal i området. «The Village» har vært i drift i ein periode, men blir no avslutta. Brannstasjonen er i drift. Museet har eit tilbod i eit lite bygg. Inntil vidare blir museet og brannstasjonen drive vidare slik dei gjer i dag. For å etablere bygdetunet, der museet

inngår som ein del av heilheita, blir det viktig å ha eit samarbeid mellom aktuelle aktørar for å sikre gjennomføring.

Planen bestemmer ikkje driftsform av dei ulike elementa i området, og dette må avklarast som eigne sakar eller prosjekt.

6.13. Visuelle verknader

Hegni er portalen til Hovden og utforming av bygg og tiltak i området vil utgjere eit visuelt inntrykk for dei som kjem frå sør.

Moglegheitsstudiet anbefaler at ein bør vise forsiktigheit med å etablere store og dominerande bygg. Det bør heller leggjast til rette for å bygge med minst mogleg fotavtrykk, og eit miljøaspekt og som tar omsyn til det flotte friluftslivet på Hegni. Innanfor N/T stillast krav til arkitektonisk utforming og estetikk – nye bygg skal bidra til eit hyggeleg møte med Hovden når ein kjem køyrande sør frå.

6.14. ROS-analyse (risiko- og sårbarheitsanalyse)

Det er gjennomført ein utsjekk når det gjeld tema som utgjør risiko og sårbarheit for området.

Den sørlege delen av området litt i aktsomheitssone for ras. Det er ikkje utført detaljert vurdering av dette, men det leggjast heller ikkje til rette for utbygging innanfor dette området. Planen åpner for ein utviding av småbåthamna delvis inn i rassona.

Delar av areala ligg i gul støysone frå riksvegen. Det er ikkje tenkt spesielt følsom bebyggelse, men det kan kome næringsverksemd eller anna som kan vere utsett for støy. Dersom det skal etablerast støykjennsleg verksemd innanfor støyutsette areal så må støyforhalda avklarast og nødvendige avbøtande tiltak utførast.

Etablering av serveringsverksemd kan utgjere ein fare for støy for omgjevnaden, samt utslepp av matlukt. Det er vurdert at det aktuelle feltet ligg såpass langt frå bustader at sette skal vere handterbart, men må avklarast i detaljregulering.

Området er og utsett for flaum. Det er gjort ein eigen utgreiing av flaumfaren. Det vil vere mogleg å gjere tiltak som kan sikre mot flaum, anten byggeteknisk, eller ved å plassere på tilstrekkeleg høgde. Flaum er dermed handterbart.

Området ligg tett på riksveg 9 med mykje trafikk, og det er dermed ein fare for trafikkulykker. Alt skjer på vestsida av riksvegen, der det og er tilbod for mjuke trafikantar. Tilkomsten har og gode siktforhold, og det er dermed vurdert at trafikksikkerheita er teke i vare.

7. GJENNOMFØRING AV PLAN OG ØKONOMISKE KONSEKVEN SAR

Det aller meste av areala i området er i kommunalt eige. Det er i planforslaget lagt opp til at det fortsatt skal vere offentleg. Ein annan eigarform er kun aktuelt der det er opna for næring.

Sjølv om kommunen eig areala blir det viktig å søkje samarbeid med ein rekke aktørar for å kunne gjennomføre tiltaka planen legg opp til. Dette vil både vere næringsaktørar og kulturaktørar. Finansiering er ikkje avklart på dette stadiet, og det bør etablerast eit overordna gjennomføringsprosjekt, med fleire delprosjekt for ulike tiltak. Det må bli ei trinnvis utvikling der noko vil krevje lenger tid på gjennomføring.

8. PLANPROSESS OG MEDVERKING

8.1. Medvirkning

I tråd til krav i plan- bygningslovens kapittel 5, er det lagt opp til medverknad i planprosessen. Det er ei administrativ arbeidsgruppe som har utarbeida planen, og drøftingane har basert seg på moglegheitsstudiet, innspel i den prosessen, innspel ved varsel om oppstart og dialog med referansegruppe m.fl. I samband med oppstart av planarbeidet blei det halde eit opent møte på Hovden grendehus, og det blei og haldt eit opent møte i høyringsperioden for planforslaget. Saka har blitt lagt fram for ungdomsrådet og eldrerådet.

8.2. Planprosess

Varsel om oppstart

Det blei meldt oppstart av planarbeidet 1. juli 2022, opphavleg med ein frist for innspel 11. september.. Dette blei utsett til 20. september på grunn av kollisjon med kommunestyremøtet, og fristen for innspel blei difor utsett til 30. september.

Fyrste gongs handsaming og offentleg ettersyn

Planen blei lagt fram i to alternativ ved fyrste gongs handsaming. Alternativ 1 var forslaget til kommunens administrative arbeidsgruppe. Alternativ 2 var basert på innspel motteke frå ein samarbeidskonstellasjon med aktørar som destinasjonsselskapet, alpinsenteret med fleire. Hovudforskjellen på dei to alternativa var at det i alternativ 2 vart lagt fram eit ønske om å leggje til rette for bubilparkering og campingfasilitetar. Vidare vart næringsarealet vidareført i tråd med dagens situasjon slik at dei vert liggjande nede ved vatnet der kor det drivast næring i dag. I alternativ 1 var næringsareala trekke noko inn frå vatnet, slik at dei areala nærast vatnet kunne nyttast til eit allment formål. Alternativ 1 hadde ingen areal avsett til bubilparkering eller camping.

Merknadsbehandling - Merknader til offentlig ettersyn etter 1.gangsbehandling

Bykle kommune sitt forslag til områderegulering for Hegni planID 202105 vart sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn etter fyrste handsaming i planutvalet 08.04.24. Høyringsfrist var 08.08.24. Det kom inn til saman 9 innspel til planforslaget; 4 innspel frå offentlege instansar, derav éi innvending (innsigelse) frå Agder fylkeskommune, 3 innspel frå velforeiningar og næringsinteresser og 2 innspel frå privatpersonar. Merknadene er oppsummerte og kommenterte under.

Offentlige instanser

NVE (brev datert 12.07.2024, supplert i e-post)

Flom

NVE peker på feil og mangler i utredning om flomfare utarbeidet av COWI AS, som fører til at beregnede flomhøyder blir for høye (konservative), og at dette kan føre til en uheldig båndlegging av større arealer enn nødvendig. NVE oppfordrer kommunen til å kreve en ny internkontroll av rapporten fra COWI AS og anbefaler at flomhøyder for F2- tiltak og F1-tiltak oppgis i en tabell. NVE gir et faglig råd om at flomrapporten fra COWI oppdateres, og at den reviderte rapporten blir lagt til grunn i plandokumentene og at bestemmelsene om flom må bli oppdatert ut fra revidert rapport.

Skred

NVE har grunnlag for innsigelse når skredfaren ikke er tilstrekkelig ivaretatt. Det kom nye og bedre skredkart i 2023, de nye kartene viser at det kan gå skred i området. På grunn av kort tid til høringsfristen går ut og ferieavvikling, gir NVE et sterkt faglig råd om at skredfaren i området må bli avklart og plandokumentene justert før planvedtak.

Grunnlaget for hensynssonen for skred må omtales i planbeskrivelsen. Det må avklares om det er gjort en skredfarevurdering som dekker den nordøstlige delen av planområdet.

Tiltak som ligger nær vassdrag

I vårt innspill mente vi om at det gjeld ei generell aktsomhetsplikt for tiltak i vassdrag (vannressurslova § 5) og at det langs bredden av vassdrag med årsikker vannføring skal det opprettholdes et avgrensa naturlig vegetasjonsbelte, kantvegetasjon, som motvirker avrenning og gir levested for planter og dyr (vannressurslova § 11).

NVE mener det er alternativ 1 som ivaretar vassdragsverdiene best, og råder kommunen til å gå videre med løsninger som unngår inngrep både direkte i vannet og i det naturlige vegetasjonsbeltet langs vassdraget.

NVE fraråder å legge områder for næring/tjenesteyting i områder omfattet av hensynssone for flom.

Forslagsstillers kommentar

- *Flaumrapport er oppdatert og vedlagt, og revidert flaumsone er lagt inn.*
- *Skredfare – planforslaget tilrettelegger ikke for ny bebyggelse innenfor områder utsatt for skredfare. Faresona omfatter hovedsakelig eksisterende riksvei, noe grøntareal og mulighet for å etablere et par båtplasser i småbåthamn.*
- *Forholdet til vannressurslova er omtalt. Planforslaget tar hensyn til strandsonen som viktig økosystem samtidig som hensynet til allmenhetens bruk og ønske om bruk og utvikling av området blir ivaretatt.*

Agder fylkeskommune (brev datert 27.08.24)

Fylkeskommunedirektøren er positiv til en videreutvikling av Hegni som friluft- og rekreasjonsområde for innbyggerne og besøkende. Videre er det positivt at kommunen ønsker å legge til rette for mer aktivitet knyttet til Hovden jernvinnemuseum. Det er positivt til at tiltaka kan bidra til å styrke Hovden som helårsdestinasjon.

Innsigelse

Fylkesutvalget fremmer innsigelse til campingplass o_C1 i alternativ 2 som er i konflikt med jernvinneanlegg kulturminne-ID 99066. Innsigelsen kan løses dersom byggeområdet blir tatt ut av planforslaget. Fylkeskommunedirektøren peker på at spørsmålet om plassering av campingplass bør være en del av den overordna planlegginga i kommuneplanen, og ikke i enkelte reguleringsplaner. På bakgrunn av dette meiner vi at kommunen bør gå videre med alternativ 1.

Kulturhistorisk museum har gitt faglig råd om at jernvinneanlegg ID 99066 bør bli bevart, som foreslått i alternativ 1. Med den vitenskapelige verdien, sammen med plasseringa, bør kulturminnet være en del av formidlingen av betydningen og omfanget av jernframstillingen på Hovden

Planfaglige merknader

Under tema «Sentrale problemstillinger og konsekvensar» i planbeskrivelsen er virkningene av planforslagene enkelte steder mangelfulle. Dette gjelder særlig for alternativ 2, og under tema kulturminne, barn og unge sine interesser, trafikkavvikling og parkering. Trekker fram trafikkavviklingen i området rundt parkeringsplass og brannstasjon. Campingplassen som er plassert like vest for brannstasjonen ser ut til å ha samme tilkomstvei som brannstasjonen, og det vil kunne føre til utfordringer og farlige situasjoner ved utrykking. Dette er ikke omtalt i plandokumentene og må løses dersom man går videre med alternativ 2.

Det er enkelte feil og mangler i plankartet. I illustrasjonene til alternativt 2 er det planlagt en badstue ut i vatnet, dette er ikke regulert inn i plankart eller omhandla i bestemmelser. Videre står det i bestemmelsene at friluftsområde i sjø og vassdrag o_FLV2 skal etableres med tiltak som badstue, stupebrett og brygger. Tjernet ligg heilt nordvest i planområdet, og det antas at tiltakene ikke er tenkt der. Fylkeskommunedirektøren gir råd om at dokumentene blir kvalitetssikret før planen blir vedtatt.

Fysiske tiltak i vassdrag og vannforvaltning

Fylkeskommunen gjør oppmerksom på at eventuelle tiltak som påvirker bekker eller vann kan være avhengig av tillatelse etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. Rapporten fra FAUN for tema vannmiljø er basert på eksisterende og til dels gamle data, samt befaring i området. Tiltakene og virkningen for de to alternative planforslagene er ikke videre gjort greie for, og det er dermed vanskelig å ta stilling til hvordan virkningen vil være.

Forslagsstillers kommentar

- *Areal for campingplass/bobilparkering er flytta slik at det ikkje lenger er konflikt med fornminne. Det er nå foreslått å legge et formål som hjemler etablering av en klatrepark i området, men bestemmelser hindrer alle tiltak som kan forringe fornminne.*
- *Forholdet til vannressursloven er omtalt i planbeskrivelsen og handtert i bestemmelsene.*
- *Plankart er omarbeida og rette*

Statens vegvesen (brev datert 09.08.24)

Byggegrensa på minimum 30 meter til rv. 9 må inn i plankartet og tegnforklaringa.

Statens vegvesen kan ikke akseptere alternativ 2. Det er ikke tilstrekkelig areal til campingplass o_C2. Det vil komme i konflikt med rv. 9 og byggegrensa.

Siktsoner må tegnes inn i krysset til rv. 9/Hegni, og hensynssone for sikt må omtales i planbeskrivelsen. Siktsoner skal også gjelde for gang- og sykkelveg.

Turveg/gangveg - Statens vegvesen meiner at planforslagets areal til veggrunn; o_AVT3, gang- og sykkelveg og o_AVT2 i plankartet, må skaleres ned til ett formål turveg/gangveg. Dette i samsvar med

illustrasjonsplanen. Viser til sin uttalelse til den tilgrensende planen for turveg videre sørover mellom rv. 9 og Hartevatn.

Statens vegvesen legger til grunn at planlagt vinteropplag for småbåter skal etableres innenfor O_SH, småbåthavn. Dersom opplaget blir utenfor dette arealformålet, i vegetasjonsskjermen VS1, slik illustrasjonsplanen viser, må det gå fram av plankartet. Når plankartet endres og man regulerer en gangveg i strandsonen sørover og fra riksvegkrysset, kan man i planbestemmelsene regulere for en avgrensa aktivitet med båtutsetting / båtopptak.

Forslagsstillers kommentar

- *Det er lagt byggegrense til rv 9 inn i plankartet, der kor dette ikkje var regulert fra før. Der kor byggegrensa er avsatt i gjeldande plan er denne vidareført.*
- *Arealet langs riksvegen er ikkje regulert til campingplass – o_C2 er teke ut av planforslaget.*
- *Frisiktlinj er teikna inn på plankart.*
- *Gang-sykkelveg sørover er tatt ut av plankartet og erstatta av regulert turvei.*
- *Det er ikkje ynskje om å regulere areal til båtopplag, illustrasjonsplan er oppdatert ut frå dette.*

Statsforvalteren i Agder, SFA (brev datert 01.07.24)

Viser til uttalelse til tilgrensende planarbeid for turveg Hartevatn – frå Hegni sør til Badstogviki. Vannressursene med kantvegetasjon og arealene som grenser til, må forvaltes slik at ressursene og det biologiske mangfoldet blir tatt vare på. Dette er lovbeskyttet jf. vannressurslova § 11. Etter statsforvalterens vurdering ivaretar alternativ 1 vannressursene best i området. SFA råder kommunen til å gå vidare med løsnings som unngår inngrep både direkte i vannet og i det naturlige vegetasjonsbeltet langs vassdraget.

Før vedtak må det gjøres en vurdering etter vannforskriften § 12. Omfanget av tiltak og inngrep må være kjent. Etter SFA sin vurdering må det innhentes oppdatert kunnskap om tilstanden i vassdraget da de naturfaglige vurderingene bygger på utdatert kunnskap. Videre er vurderingene kun gjort for alternativ 1.

Forslagsstillers kommentar

- *Forholdet til vannressursloven er omtalt, og det er gjort en vurdering etter vannforskriften §12. Planforslaget åpner ikke opp for tiltak som antas å påvirke vannkvaliteten. Det skal tilrettelegges for noe bading, fritidsfiske, og mulighet for oppføring av ei badstue. Det er i all hovedsak snakk om å videreføre dagens bruk, og utvikle området for rekreasjon. Tiltak langs vannet er begrensa til de områdene som allerede er bebygd og ikke har en naturlig vannlinje – molo og omåde for næring/tjenesteyting. Vidare er det lagt inn eit begrensa område kor det kan oppførast ei brygge for fisking.*
- *Naturfagleg konsulent har vurdert kunnskapsgrunnlaget og oppdatert der dette har vore naudsynt. Vurderingane er basert på egne observasjonar og vurderingar i 2023.*
- *Planforslaget er omarbeida slik at det ikkje er aktuelt å fylle masser ut i Hartevatn, eventuelle tiltak i strandsona begrensar seg til tiltak so legg til rette for vidare fritidsbruk slik som bading og fisking. Eksisterande småbåthamn kan utvidas mellom molo og riksveg.*

Lag, foreninger og interessegrupper

Stussli Velforning (e-post xx.xx.xx)

Ønsker at området hovedsakelig utvikles som og bevares som et grøntområde som foreslått i alternativ 1. Kommenterer at alternativ 1 er godt forankret gjennom en medvirkningsprosess med lokalbefolkningen.

Opptatt av at Hegni bevares som et rekreasjonsområde hvor allmennheten har tilgang til vannet. Trekker fram satsningsområde i kommuneplanens samfunnsdel «Det gode liv: Bykle kommune skal vere så attraktiv at folk som bur her vil bli, og at nye vil flytte hit. Det skal vere godt å bu og arbeide her heile livet.»

Ønsker ikke at området skal privatiseres ved bobilparkering og teltplasser. Frilufsloven regulerer dette tilstrekkelig. Opptatt av at registrert kulturminne sikres.

Ønsker næringsformål trukket lengre vekk fra strandlinjen for trafiksikkerhet, for oversiktighet og trygg ferdsel og for at det er tydelig at området er åpent og tilgjengelig for alle.

Forslagsstillers kommentar

- *Planforslaget har forsøkt å balansere ulike hensyn. Størsteparten av området er avsatt til friområder. Det er lagt inn ulike felt slik at det blir tydelig kor det kan leggas til rette for ulike aktiviteter og tiltak, og kor det ikkje skal gjerast noko.*
- *Planområdet er stort nok til at det bør være mogleg å legge til rette for noko næringsaktivitet utan at det går på bekostning av allmenta si tilgang til området. Næringa bidreg også til områdets attraktivitet ved for eksempel å kunne tilby servering og toalettfasilitetar.*

Bykle og Hovden Vekst og Hovden Alpin Resort (brev datert 27.06.24)

Viser til tidligere felles innspill fra Bykle og Hovden Vekst AS (BHV) og Hovden Alpin Resort (HAR). Ønsker å presisere at innspillet fint kan gjøres uten bobilcamp. Det viktigste er å skape en attraktiv innfallsport til Hovden fra sør, som gir stoppeffekt og helst får folk til å ta en ekstra overnatting eller flere. Tilgang til strandlinje og vannaktiviteter i Hegni er svært viktig og aktørene mener strandlinjen må være tilgjengelig og utformet for å inkludere alle besøkende. I tillegg er det stort behov for bobilplasser og tømrestasjon på Hovden. Undersøkelser viser at bobilgjester legger igjen en god del penger på mat og aktiviteter og bidrar til å styrke næringslivet - og ikke minst helårs arbeidsplasser. Tror helårsdrift i Hegni vil være svært krevende å få til - tilbud må tilpasses markedet. Mener det er viktig å satse på noe som vekker oppmerksomhet, foran å tenke at «alt skal på plass» i første runde og håper innspill ift. badstue, isbadeplass og myldreplass for hopping/stuping vurderes. Kommenterer Bykles posisjon ift. villrein og at dette må styrkes og ivaretas og at det må kommuniseres godt rundt tiltak som har innvirkning på turisme og ferdselsrestriksjoner. Denne planen kan benyttes til å få på plass noe mer permanent rundt formidling og informasjon.

Forslagsstillers kommentar

- *Tas til orientering*
- *Det er foreslått å legge inn eit noko mindre område til bubil. Næringsarealet er utvida og inkluderer eksisterende næringsbebyggelse.*

Ressursgruppa for hytteveiv i Bykle v/ Bente Urdal Vinje (brev datert 03.08.24)

Ressursgruppa støtter administrasjonens forslag dvs. forslag 1.

Kommenterer at Hegni er et viktig rekreasjonsområde for mange, både fastboende, hyttefolk og turister. Hegni er også et viktig område rent visuelt, siden det ligger ved inngangen til Hovden og er synlig for alle som kommer til Hovden. Viktig å bevare store deler av området som det er, særlig bjørkeskogen med fiskeplasser og turstier samt på badestranden.

Ønsker at slipp for båtutsetting bevarer og at det aller meste bevarer til fri avbenyttelse for allmenheten.

Brannstasjonen kan med fordel flyttes.

Ønsker ikke Camping og bobiler (i stort omfang) på da det vil bidra til å privatisere.

Anerkjenner at mange er opptatt av arbeidsplasser og næring. Ressursgruppa ser det slik at dette må begrenses, men kan tillates i et lite omfang.

Aktuell næring:

- Kafedrift er ønskelig, men bygget må trekkes opp fra strandlinjen. Strandlinjen må være åpen for fri ferdsel for alle.
- Bobilcamping i lite omfang, dvs. som de siste årene, er greit slik vi ser det.
- Badstue og tilrettelegging av isbading er ok.
- Mer tilrettelegging for festivaler som Recordfestivalen er ok.
- Kano- og båtutleie.
- Kanskje brannstasjonen kan bygges om til små utleie-enheter for korttidsutleie?

Apparater/ installasjon til aktivitet og lek er ønskelig, men da til fri benyttelse.

Forslagsstillers kommentar

- *Tas til orientering*
- *Det foreslås å utvide eksisterende bubilparkering noko. Det vil leggest til rette for aktivitet som kan fremje bruken av området.*

Privatpersoner

Ola Leinebø, Bestestøylen 5 (brev datert 08.08.24)

Mener den overordnede hensikten med planen bør være å tilrettelegge for aktivitet i sommerhalvåret heller enn hele året. Positiv til alternativ1 hvor strandsonen er tilgjengelig for alle, men antar at det kan være et behov for campingdrift som kan være attraktivt for både besøkende og fastboende. Bekymret for at kommersiell aktivitet kan konkurrere med tilbud i sentrum.

Kommenterer at parkeringen i alt 1 ikke trenger å være «midt i det beste området», men at denne kan knyttes til servicebygg.

Forslår et fast område for etablering av vikingtelt for utsalg som kan leies ut til ulike aktører som kan forene vikingkultur og camping.

Lurer på om vinterlagring av båter kan skje på samme område som er tenkt brukt til bobiler..

Forslagsstillers kommentar

- *Tas til orientering*
- *Det avsettes eit areal for ca 15 parkeringsplasser for bubil.*

- *Det legges ikkje inn noko avsatt areal til båtopplag innanfor området.*

Chris Christensen, jobber med turisme (merknad sendt via arealplaner.no datert 07.08.24)

Gir sin støtte til alternativ 1, men med et bobiltilbud tilsvarende dagens. Kommenterer at det trengs bedre parkeringstilbud. Bra å tilrettelegge for arrangementer. Ønsker ikke at det tilrettelegges for fritidsbebyggelse øst for riksveien da denne siden bør beholdes fastboende som ikke ønsker turisme for tett på boliger. Ønsker heller en kabelbane for vannsport enn badstu. Ønsker aktivitetstilbud for ungdom sommerstid.

Forslagsstillers kommentar

- *Tas til orientering*
- *Planforslaget balanserer mange ulike hensyn. Det skal åpnes ikkje for ny bruk av areal aust for riksvegen.*

9. VEDLEGG

1. Illustrasjonsplan
2. Merknadar til planforslag til offentlig ettersyn, summert og kommentert
3. ROS-analyse, sjekkliste, datert 28.04.2024
4. Moglegheitsstudie, datert 24.06.2021
5. Arkeologisk undersøking, rapport
6. Notat om kommunalteknikk, dater 20.10.2022
7. Rapport naturmangfald v/Faun
8. Rapport flaum v/Cowi